



## Ordning for Oskeonsdag

1. Liturgisk ordning for oskeonsdag gir stort rom for lokal tilpassing og kan bli gjennomført i tråd med Ordning for hovedgudsteneste eller som som ei kort kveldsgudsteneste.
2. Til osketeikning bruker ein ei blanding av oske og matolje. Oska må ikke bli blanda med vatn, fordi dette dannar etsande lut.
3. Kirkerommet er ope ei stund før gudstenesta, med høve til å vera stille, tenna lys og be.
4. Som preludium kan det fremførast vokal- eller instrumentalmusikk som svarar til dagens karakter. Til vanleg blir dette gjort som forspel til salmen.
5. Det kan vera prosesjon under preludiet, forspelet til første salme eller inngangssalmen. Prosesjonskross blir bore fremst i prosesjonen. Lys, tekstbøk, og eventuelt brød og vin kan òg bli bore inn.  
  
Kyrkjelyden står under eventuell prosesjon, ledd 2 | **Inngangssalme** og 3 | **Helsing**.
6. Under ledd 3 | **Helsing** kan det vere ei kort innleiing om fastetida.
7. Ledd med overskrift i kursiv kan bli utelate. Dette gjeld ledda 4 | **Påminning om livets forgjengelegdom**, 5 | **Bønerop KYRIE**, 6 | **Dagens bøn**, 7 | **Bibelsk salme/Salme**, 10 | **Truvedkjenning** og 13 | **Tekstlesing og stille stund** og 19 | **Utsending**.
8. Ledd 12 | Syndsvedkjenning kan bli flytta fram til samlingsdelen. I samlingsdelen finn syndsvedkjenninga eventuelt stad etter ledd 3 | **Helsing**
9. Ordning for skriftemålgudsteneste kan bli brukt i staden for Ordning for Oskeonsdag. Ledd 16 | **Osketeikninga** kan eventuelt bli lagt inn i Ordning for skriftemålgudsteneste.

# I. Samling

## 1 | Førebuing

Her eller etter 3 | **Hilsen** kan det være

*Kort informasjon om dagens gudsteneste ved medliturg eller liturg.*

*Kort stille stund*

*Tre klokkeslag*

## 2 | Inngangssalme

## 3 | Helsing

**ENTEN**

**L** | Nåde være med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

**ELLER**

**L** | Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn være med dykk alle.

**ELLER**

**L** | I namnet åt Faderen og (+) Sonen og Den heilage ande.

**ELLER**

**L** | I namnet åt Faderen og (+) Sonen og Den heilage ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

*Kyrkjelyden set seg.*

## 4 | Påminning om livets forgjengelegdom

**ENTEN**

**ML/L** | La oss høyra kva Forkynnaren skriv om livet:

Alt har si tid, det er ei tid for alt som hender under himmelen:

ei tid for å fødest, ei tid for å døy,  
ei tid for å planta, ei tid for å riva opp,  
ei tid for å gråta, ei tid for å le,  
ei tid for å sørgja, ei tid for å dansa,  
ei tid for å leita, ei tid for å mista,  
ei tid for å gøyma, ei tid for å kasta,  
ei tid for å riva sund, ei tid for å sy i hop,  
ei tid for å teia, ei tid for å tala.

Alt gjorde han vakkert, kvar ting til si tid.

Ja, alle tider har han lagt i hjartet deira.

Likevel kan ikkje mennesket fatta det Gud har gjort frå den første tid til den siste.

Eg skjønna at alt Gud gjer, står gjennom alle tider.

Ingen kan leggja noko til, og ingen kan trekkja noko frå. **FORKYNNAREN 3, 1-2; 4; 6-7; 11, 14A**

**ELLER**

**ML/L** | La oss høyra kva profeten Jesaja skriv om livet:

«Alle menneske er gras, all deira truskap er som blomen på marka. Graset tørkar bort, blomen visnar når Herrens ande blæs på han. Sanneleg, folket er gras. Graset tørkar bort, blomen visnar, men ordet frå vår Gud står evig fast.» «**JESAJA 40, 6B-8**

## **5 | Bønerop KYRIE**

## **6 | Dagens bøn**

### **ENTEN**

**L/ML** | Lat oss alle be. Miskunnsame Gud, du set oss fri frå synd og forgjengeligdom. Vi bed deg: Lær oss å halde faste slik du vil. Gjer oss utholdande i bøn, trufaste i kjærleik og helhjarta i kamp for rettferd. Gje verda håp ved Jesu Kristi kross. Gud, vi bed deg, du som med Jesus Kristus og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve.

**A** | Amen.

### **ELLER**

*Dagens bøn frå Gudstenestebok for Den norske Kyrkja*

### **ELLER**

*Lokalt utforma bøn*

## II. Ordet

### 7 | **Bibelsk salme/Salme**

Her følger bibelsk salme eller ein annan salme.

Dersom Salme 51 ikkje blir brukt som Bibelsk salme her, blir salmen nytta som syndsvedkjenning i ledd 12 | **Synsvedkjenning.**

### 8 | **Tekstlesing**

Her kan ein lese ein av kyrkjeårets tekster for Oskeonsdag, ein av tekstane som er foreslått i Rettleiing for Oskeonsdag eller ein annan høvelig tekst.

Lesningen blir innleidd med:

**ML** | Det står skrive i/hos ...

Lesinga sluttar med:

**ML** | Slik lyder Herrens ord.

### 9 | **Preike**

Predikanten preikar over ein av tekstane som blir lese i gudstenesta.

### 10 | **Truvedkjenning**

### 11 | **Salme**

### 12 | **Synsvedkjenning**

**L** | La oss sanna syndene våre.

Dersom Salme 51 ikkje blir brukt i ledd 7 | **BIBELSK SALME/SALME:**

**A** | Ver meg nådig, Gud, i din kjærleik, stryk ut mitt brot i di store miskunn! For mine brot kjenner eg, mi synd står alltid for meg . Sjå, du gler deg over sanning i mitt indre, du lærer meg visdom i det løynde. Gud, skap i meg eit reint hjarte, gjev meg ei ny og stødig ånd! **SALME 51, 3, 5, 8, 12**

**ELLER**

*Ein av syndsvedkjenningane frå Ordning for hovudgudsteneste (A-D)*

### III. Bøn og osketeikning

Sjå Rettleiing for oskeonsdag for refleksjonar rundt osketeikning, mellom anna om kva liturgen må vera merksam på i samband med berøring.

#### 13 | **Tekstlesing og stille stund**

Tekstlesning og stille stund blir tilpassa lokale forhold.

**ENTEN**

**L/ML** | Det står skrive i Salmane:

Herre, du ransakar meg og du veit –du veit om eg sit eller står, på lang avstand kjenner du mine tankar. Om eg går eller ligg, ser du det, du kjenner alle mine vegar.

Eg kan seia: «Lat mørkret løyna meg og lyset omkring meg bli natt.» Men mørkret er ikkje mørkt for deg, natta er lys som dagen, mørkret er som lyset. For du har skapt mine nyrer, du har vove meg i mors liv. Eg takkar deg for at eg er så underfullt laga. Underfulle er dine verk, det veit eg godt. Knoklane mine var ikkje skjulte for deg då eg vart laga i løynd og voven djupt i jorda. Auga dine såg meg då eg var eit foster. Alle dagar er skrivne opp i di bok, dei fekk form før éin av dei var komen. Dine tankar, Gud, er dyrebare for meg, summen av dei er ufatteleg! Tel eg dei, er dei tallause som sand, blir eg ferdig, er eg enno hos deg.

Ransak meg, Gud, og kjenn mitt hjarte, prøv meg og kjenn mine tankar! **SALMANE 139, 1B-3.11-18.23**

**L** | Lat oss vere stille og reflektere over livet vårt.

*Stille stund*

**ELLER**

**L/ML** | Vår Herre Jesus Kristus seier:

‘Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit.’ Dette er det største og første bodet. Men det andre er like stort: ‘Du skal elska nesten din som deg sjølv.’ På desse to boda kviler heile lova og profetane. **MATT 22, 37-39**

**L** | La oss vere stille og reflektere over livet vårt.

*Stille stund*

**ELLER**

*Annan høveleg tekst. Forslag til alternative tekstar finst i Rettleiing til Oskeonsdag.*

*Tekstlesningen blir avslutta med:*

**L** | La oss vere stille og reflektere over livet vårt.

*Stille stund*

#### 14 | **Litani/Salme**

Litani eller salme med kyrie-karakter frå Norsk salmebok (N13 980.1,2, 981, 982.1,2, 983.1,2, eller ein eigna salme).

#### 15 | **Bønn**

**L** | La oss be.

Miskunnsame Gud, du som forma oss av støv frå jorda, gje at denne oska blir eit teikn, så vi vender om og følgjer deg, du som reiser oss opp til det nye livet ved Jesus Kristus.

A | Amen.

## 16 | Osketegning

Liturgen gir eni kort praktisk forklåring av korleis osketeikninga vil foregå, mellom anna at oska kan bli teikna på panna eller handa til kvar einskild og at den einskilde også kan teikne sjølv ved å ta oske på eigen finger.

Liturgen avslutter forklåringen med orda:

**L |** Kom og få oskekrossen teikna.

Påtegingen kan skje i stillhet, eller liturgen kan si til kvar einskild:

**L |** Menneske, hugs at du er støv. Til støv skal du vende attende.

Under påteikninga kan det bli fremført musikk og sunge salmar.

Etter osketeikninga seier liturgen:

**ENTEN**

**L |** Det står skrive hjå profeten Jesaja: Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram. **JESAJA 43,19A**

**ELLER**

**L |** Paulus skriv til kyrkjelyden i Roma: Slik Kristus vart oppreist frå dei døde ved sin Fars herlegdom, skal vi òg vandra i eit nytt liv. **ROM 6,4**

**ELLER**

**L |** Paulus skriv til kyrkjelyden i Filippi: Eg er viss på at han som tok til med si gode gjerning i dykk, skal fullføra henne – heilt til Jesu Kristi dag. **FIL 1,6**

## 17 | Fadervår

Dersom det ikkje er nattverd i gudstenesta, bli osketeikninga avslutta med Fadervår.

## IV. Nattverd

Her kan det bli feira nattverd.

## V. Sending

### 18 | Velsigning

ENTEN

*Helsing SALUTATIO*

**L** | Herren være med dykk.

**M** | Og med deg være Herren.

**L** | Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

**M** | Amen. Amen. Amen.

ELLER

**L** | Ta imot velsigninga.

**L** | Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

**M** | Amen. Amen. Amen.

*Tre gonger tre bøneslag.*

### 19 | Utsending

**L/ML** | Gå i fred. Ten Gud med glede.

### 20 | Postludium/Utgangssalme/Utgangsprosesjon